



## Statens vegvesen

### Referat

Dato: 10.05.2011  
Tid: 1200 – 1400  
Referent: Kjell Grønsberg

**Stad/tid:** Storsteinnes - Rådhuset, mandag, den 10. mai kl. 1200-1400  
**Deltakarar:** Formøte: Gunda Johansen, Hogne Eidissen, Viggo Jørn Dale, Kjell Grønsberg, Kjell Vang og Edel M. Austlid  
Orientering: Formannskap

Det vart avvikla møte for å drøfta status for planarbeidet, arbeidsfordeling og gje orientering til formannskap angående varsel om innsigelse frå Fylkesmannen, mv.

### Formøte kommunal leiing

Både vegvesenet og kommunen arbeider med vegplanar for Nordkjosbotn sentrum som overlappar kvarandre. Kommunen er i innspurt av reguleringsplan for Nordkjosbotn sør som omfattar industriområde, industriveg, kollektivterminal og rundkøyning. Vegvesenet er i gang med reguleringsplan for tiltak langs E8 fram til Jernberg, samt omlegging av E6. Kommunal leiing og vegvesenet deler oppfatningane om føreslåtte kryssløysingar i Nordkjosbotn.

Innsigelse omlegging E6: Partane drøfta innkome innsigelse frå Fylkesmannen sin miljøvernadv. og historikken fram til vedtak av kommunedelplan. Vegvesenet formidla at saka ikkje er enkel og oppfordra kommunen å gjere nye vurderingar av trasèvalet. Tidlegare tilrådingar i behandling av kommunedelplanen vart gått gjennom i møtet. Kommunen formidla at dei i utgangspunktet ikkje ynskjer ny vurdering av trasèen grunna omsyn til landbruket og befolkninga langs dagens E6.

Kryssløysingar Nordkjosbotn sentrum: Det vart orientert om gjennomført møte den 4. mai mellom Statens vegvesen, Balsfjord kommune og Troms fylkeskommune angående vurdering av Shell-krysset som er tilrådd stengt.

### Orientering Formannskap

Planleggingsleiar gjekk gjennom status for prosjektet med omlegging av E6 og tiltak langs E8 fram til Jernberg, og dei merknader som har kome etter høyring av planprogrammet.

### Innsigelse omlegging E6:

Vegvesenet orienterte om innkomne merknader og varsel om innsigelse. Formannskapet ynskjer ikkje å opna for andre alternativ enn det som er vedtatt i kommunedelplan. Med bakgrunn i landbruket sine behov spurte Formannskapet om det var mogleg å heva linja (alt. 2) meir inn i dalen ved Øvergård. Vegvesenet har ikkje vurdert dette.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region nord  
Nordstrandveien 41  
8002 Bodø

Telefon 06 64 0  
Telefaks 75 55 29 51  
firmapost-nord@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Killenqreensgt. 6  
Tromsø

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordvn 18  
9815 VADSØ  
Telefon 78 94 15 50  
Telefaks 78 95 33 52

Kryssløysingar Nordkjosbotn sentrum: Formannskapet hadde ingen større merknader til at Shell-krysset vert føreslått stengt i tråd med gjeldande kommunedelplan. Formannskapet spurte derimot om vegvesenet kunne godta påkopling av industriveg til ny E6 forbi Mack-området. Vegvesenet formidla at slik tilkopling ikkje er tilrådeleg grunna krava om avkøyrselfri stamveg, kort avstand til rundkøyring og vanskeleg terreng.

Vegvesenet orienterte elles om arbeidet med reguleringsplan E8 Nordkjosbotn-Jernberg og føreslåtte samleveggar ved Sjøvollan. Formannskapet sa seg nøgd med orienteringa.

Ref.

Kjell Grønsberg